

Festeavtale for båthamna skal slettast først

27.05.2011

Det er framleis formalitetar å ordna i samband med festeavtala for båthamna i Uskedalen, Båtlaget har no fått brev frå kommunen om den prosedyre som skal fylgjast framover.

Det var i 1975 det vart laga ein festekontrakt over den aktuelle eigedommen og avtala var for 25 år og vart tinglyst i 1991. I vår er det laga ny festeavtale og sen vart sendt til tinglysing i mars. Dokumentet kom att frå tinglysinga med krav om at den gamle festekontrakta vart sletta før ny kunne tinglysast

Med dette som bakgrunn har formann Harald Erdal no fått erklæring om sletting- Den skal signerast av dagens styre og returnerast til kommunen. Når dette så er klart vil kommunen senda sletting av den gamle avtalen og få den nye tinglyst.